



Årsregnskap for regnskapsåret 2011

Organisasjonsnr: 995 601 486
Navn/foretaksnavn: BEDRIFTSKLUBBEN VARD SØVIKNES
Forretningsadresse: 6280 SØVIK

Brønnøysundregistrene
06.09.2020

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673



Fellesforbundet STX OSV Søviknes
Regnskap 2011

Inntekter: Kontingent	kr. 29.067,93
Fellesforbundet Sunnmøre	kr. 19.950,00
Finansinntekter	<u>kr. 126,00</u>
	<u>kr. 49.143,93</u>
Utgifter: Stipend	kr. 15.050,00
Honorar	kr. 24.353,00
Div. utgifter	<u>kr. 6.962,20</u>
Resultat	kr. 2.697,73
Finansinntekter	kr. 73.438,77
Finanskostnader	<u>kr. 20.130,44</u>
Årets resultat	<u>kr. 56.006,06</u>

Balanse

Eigendeler	
Bankkonto 3901.09.39317	kr. 48.041,94
Fond Odin Forvaltning	<u>kr. 53.308,33</u>
	<u>kr. 101.350,27</u>

Gjeld	
Egenkapital pr. 01.01.2011	kr. 45.344,21
Årets resultat	<u>kr. 56.006,06</u>
	<u>kr. 101.350,27</u>



Noter til regnskapet

Note 1: Då klubben på Søviknes var 25 år, fikk klubben kr. 25.000,00 i gåve med verftet. Summen sto på høgrentekonto i mange år. I 2000 vart årsmøtet enig om å legge pengane i eit fond. Etter nokre år kunne ikkje fondet stå som eigendom til lag eller organisasjonar , og dåverande klubbleiar, Tor Jenssen, tok fondet på sitt private namn. I 2010 søkte klubben om å få organisasjonsnummer i Brønnøysundsregisteret. Dette gikk i orden, og 10.01.2011 vart fondet registrert som klubben sin eigendom.

Note 2: Regnskapet er revidert av Asbjørn Kalvøy

Björg Søvik
Björg Søvik
klubbleiar

Rune Torsvik
Rune Torsvik
nestleiar

Magnus Austbø
Magnus Austbø
styremedlem

Christian Madsen
Christian Madsen
styremedlem

Asbjørn Kalvøy
Asbjørn Kalvøy
revisor



Protokoll

Årsmøte 2011 22.02.2012 STX OSV Søviknes

Årsmøtet starta med middag. Potetball sto på menyen i år også.
Årsmøtet starta kl. 16.00.

Björg Søvik ønskte alle velkomen.
Innkallinga til årsmøtet vart tatt opp til godkjenning.
Det var ingen merknader til innkallinga.
Styret innstilte Rune Torsvik til ordstyrar og Björg Søvik til sekretær.
Begge vart enstemmig valt.
Til å skrive under protokollen, vart Roger Slyngstadli og Arnstein Holmeset valt.
Det var 18 medlemmar tilstades på årsmøtet.

Björg Søvik las opp årsmeldinga.
Det er ikkje alle avdeligar som leverer ut stemplingsrapport kvar veke.
Det må styret ta opp med leiinga, slik at det vert orden på det.
Ellers var det ikkje merknader til årsmeldinga.
Årsmeldinga vart godkjent.

Björg Søvik las opp regnskapet.
Regnskapet for 2011 vart godkjent utan merknad.

Innkomne forslag.
Det var ikkje komt inn forslag frå medlemmane.
Klubbstyret la fram eit forslag for årsmøtet.
Det viser seg at summen av styrehonorara til medlemmane i klubbstyret vert høg.
Den "et" opp den lille inntekta klubben har gjennom ekstrakontigenten.
Forlag til vedtak: Styrehonoraret vert sett til ein fast sum for året.
Vedtak : Styret sitt forslag vart enstemmig godkjent.



Val:

Alle i styret tok gjenval.

Leder : Bjørg Søvik
Nestleder : Rune Torsvik
Studietillitsvalt : Magnus Austbø
Styremedlem : Christian Madsen
Vara : Ronny Riksheim

Revisor : Asbjørn Kalvøy

Valkomite : Unni Reitan
Vigdis Fugledal
Tanja Reitan

Alle vart enstemmig valt. Bjørg Søvik fungerer framleis som kasserar.

Årsmøtet vart heva kl.16.30.


Roger Slyngstad


Arnstein Holmeset



Årsmelding 2011.

Klubbstyret har dette året bestått av:

Leder	: Bjørg Søvik
Nestleder	: Rune Torsvik
Studietillitvalgt	: Magnus Austbø
Styremedlem	: Christian Madsen

Vi har no 79 medlemmar

I denne årsmøteperioden har det vore følgande møter.

- 6 styremøter
- 1 medlemsmøte
- 12 fellesmøter
- 12 kontaktmøter
- 2 konsernutvalgsmøter
- 4 AMU- møter
- 3 IA- møter

8 personer har vore på kurs. Vi har deltatt på 5 dagskonferansar og LO- konferansen i Loen.

Dette året gikk vi frå 14- dagers lønn til månadsutbetaling, med eit fast forskudd midt i perioda. Denne er utan lønsslipp.

Avtalen skulle evaluerast i slutten av året.

Det vart då bestemt at alle ansatte skulle få utlevert stemplingsrapporten kvar veke.

Lønnsforhandlingane for 2011 gikk fort unna. 3 møter.

Resultatet frå sentralt hald vart kr. 2,00.

Lokalt fikk vi kr.5,00 med virkning frå 01.04.2011.

Pensjonsinnbetalinga økte med 0,5% med virkning frå 01.01.2012.

Fråver i forbindelse med dødsfall frå ein til to dagar.

Følgje nærmaste familie til sjukehus - ein dag.

Følgje nærmaste familie til lokal lege - 4 timar.

Lærlingstøtta blir regulert med same prosentvise tillegg som resten.

2011 var eit særdeles godt år- pengemessig- for STX OSV. Klubbane i Fellesforbundet synest difor at det var på sin plass med ein bonus. Arne Otto Rogne, som er vår konserntillitsvalgt, forhandla med Roy Reite og styreformannen i STX OSV. Resultatet var positivt, og alle ansatte i konsernet fikk kr. 15.000,00 til jul.

Etter tv- programmet Brennpunkt, no i haust, ville Fellesforbundet intensivere arbeidet med å organisere innleigd arbeidskraft.

Klubben på Søviknes og klubben på Kleven vart plukka ut for å vere med i eit pilotprosjekt.

Avdelinga skal gjere arbeidet og eventuelle innmeldte leigefolk skal stå som medlemmar der.

Dersom det er vilje for ein møteplass, så hjelper vi med det, og avdelinga held møtet.

Til no har 6 personar frå Time Personale og 1 frå FMV organisert seg.